



FAU i Uskedalen: - Skulen må rehabiliterast så snart som mogeleg. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Vi håpar uansett at arbeidet med rehabilitering av skulen tar til så snart som mogeleg, skriv FAU ved Uskedalen Oppvekstsenter i sin konklusjon om tilstandsrapporten som eit kommunalt utval laga for alle skulane i kommunen.

Den går ut på at det vil kosta 10 millionar kroner å rusta opp oppvekstsenteret i bygda vår.

FAU har ingen kommentarar til dei punkt som er teke med i rapporten ut over at dei punkt som er nevnt heilt klart er påkrevd å få gjort noko med så snart som mogeleg.

Når det gjeld kostnadsoverslaget som er sett har FAU ingen føresetnader til å meine noko om dette talet er korrekt eller ikkje. Difor stoler dei på at dei som har regna på dette har gode erfaringar å bruka og at kalkylane er i samsvar med erfaringane.

FAU kjem også inn på prioriteringa av de ulike skulane i kommunen og ser det som positivt at Uskedalen er oppe på ein tredjeplass. FAU er klar over at Rosendal Ungdomsskule er i ein dårleg forfatning og ser det som positivt at denne skulen er prioritert på topp.

Men Uskedalen-utvalet meiner også det det kan vera interessant å få utgreidd framlegget frå ein skilde politikarar som kom på banen rett etter valet om sams ungdomsskule for heile fastlands-Kvinnherad.

Å få ein sams ungdomsskule til Uskedalen ville vera positivt på mange måtar, sjølv om FAU også er klar over at det er utfordringar, mellom anna med tanke på transport.

Sett opp mot kostnadene med å pussa opp Rosendal Ungdomsskule, Undarheim skule og Husnes Ungdomsskule, som tilsaman vil kosta 92,7 millionar, ville det vera svært interessant å få utgreidd bygging av ein ny stor-skule for begge u-skulane samstundes som Undarheim kunne overta Husnes Ungdomsskule, meiner FAU i Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen



- Positivt at Rosendal Ungdomsskule er prioritert på topp, meiner FAU i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen).